



MASFJORDEN KOMMUNE

Framlegg til

Planstrategi for Masfjorden kommune

2024 – 2027

Framlegg 28.02.2024



Innhold

1. Bakgrunn	3
2. Føremålet med planstrategi.....	4
3. Det kommunale plansystemet	5
4. Nasjonale og regionale føringer	6
5. Vurdering av planbehov basert på kommuneplanen sin samfunnsdel og regionale og nasjonale føringer.	8
6. Planar godkjent i perioden 2014 - 2023	9
7. Prioriterte planoppgåver (framlegg) for 2024 – 2027	11
8.Oppsummering og oppfølging.....	13



1. Bakgrunn

Masfjorden kommune har kommuneplanen sin samfunnsdel som gjeld for perioden 2012-2024. Planen vart vedteken i Masfjorden kommunestyre den 31.mai 2012. Denne nye planstrategien vurderer kommunen sitt planbehov, og kva prioriteringar kommunen skal ha for planarbeidet i perioden 2024-2027. Den første planstrategien i Masfjorden kommune vart vedteken i kommunestyret den 30.10.2012 etter at kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel vart vedteken den 31.mai 2012. Den 28.09.2016 vart planstrategi for perioden 2016 – 2020 vedteken, i k. sak 059/2016. Planstrategien for perioden 2020 – 2024 vart handsama i kommunestyret i sak 009/2020 i møte den 13.02.2020.

Fokusområda frå kommuneplanen er desse:

Bru over Masfjorden

Lokalsamfunnsutvikling - folketalsauke og bustadbygging

Samfunnstryggleik og beredskap

Energi og klima

Folkehelse

Kvalitet og kompetanse


Kommunale tenester

Masfjorden kommune har i samfunnsdelen frå 2012 folketalsauke som eit overordna mål. Ved siste folketalsstatistikk (4. kvartal 2023 frå SSB) hadde kommunen 1694 innbyggjarar. I 2010 var folketalet på 1635. Mange kommuner nord for oss har hatt negativ folketalsutvikling. Masfjorden har dei siste 15 åra klart å oppretthalda folketalet, og dei langsiktige prognosane frå SSB viser små endringar. Kommunen skal ha fokus på lokalsamfunnsutvikling og bustadbygging, og inspirere til vidare satsing i tråd med målsettingane i kommuneplanen sin samfunnsdel. Planstrategien skal vera eit prioritieringsverktøy, slik at planarbeid som har effekt for å nå kommunen sine hovudmål vert gjennomført først. I tillegg må ein sjå kva som er lokale og nasjonale forventningar til planarbeidet i kommunane i perioden planstrategien skal gjelda for.

På neste side er aldersfordelinga for innbyggjarane i kommunen vist i tabell frå SSB. Ein ser her at etterkrigskulla er store, og dei vil snart gå ut av yrkeslivet. Samstundes ser ein at fødselstalet har gått ein del ned dei siste 4 åra, og at mange unge reiser bort når dei passerer 20 år.


Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen

Alder



Kilde: Befolking, Statistisk sentralbyrå

Figuren nedunder viser folketalsutvikling – ulike prognosar frå SSB.



2. Føremålet med planstrategi

Planstrategi er ei vurdering av kva planbehov kommunen har, og skal slå fast kva planoppgåver kommunestyret prioriterer i perioden 2024 – 2027.

Plan- og bygningslova (PBL) frå 2009 inkluderer § 10-1, *Kommunal planstrategi*, som ny paragraf. *Plan- og bygningslova sin § 10-1 pålegg alle kommunar innan eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre å utarbeida og vedta ein communal planstrategi*. Nedunder er lovteksten vist:

§ 10-1. Kommunal planstrategi

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Planstrategien er ikkje formelt bindande og kommunestyret kan gjera endringar og prioritere om dersom det er gode grunnar for det. Planarbeid som ikkje er omtala i planstrategien kan bli sett i gang utan ny handsaming av planstrategien, men dersom kommunestyret ønskjer å leggja bort større planoppgåver som var prioritert, bør dette grunngjenvært og skje ved at kommunestyret først gjer vedtak om å revidere planstrategien.

Planstrategien kan gje signal om kva private planinitiativ som kan venta å få positiv handsaming, men planstrategien har ikkje direkte rettsverknad i høve til innbyggjarar. Det kan ikkje klagast på eller fremjast motsegn til kommunen sin planstrategi.

Planstrategien skal vera ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til langsiktig samfunnsutvikling, til dømes langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og utviklinga av dei kommunale tenestene. I denne prosessen er det viktig å henta inn synspunkt og ha brei medverknad.

I arbeidet med planstrategien skal Masfjorden kommune henta inn synspunkt frå statlege og regionale organ i tillegg til eigne innbyggjarar og lag og organisasjonar. Planstrategien skal vedtakast av kommunestyret, med offentleg kunngjering av framlegg til vedtak minst 30 dagar før handsaming. Kommunestyret skal i planstrategidokumentet ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller delar av denne skal reviderast, eller om kommuneplanen skal vidareførast utan endringar.

Planstrategien er ikkje ein plan, og dermed heller ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar. Planstrategien vurderer kva planar kommunestyret vil prioritera i valperioden. Ein effektiv planstrategi vurderer særleg kva planar som har økonomisk og politisk støtte, og korleis kommunen i størst grad kan oppnår ei god samfunnsutvikling i perioden.


3. Det kommunale plansystemet

Masfjorden kommune sin kommuneplan sin samfunnsdel av 31.05.2012 er utgangspunkt for planstrategien. *Kommuneplanen sin arealdel for Masfjorden kommune 2012-2024* ligg til grunn for samfunnsutvikling, planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen. *Føresegne* er saman med *plankartet* juridisk bindande for arealbruken.

Kommuneplanen sin *samfunnsdel* formulerer mål og prioriteringar for lokalsamfunnsutvikling, næringsutvikling og utvikling av kommunale tenester. Fokusområda i kommuneplanen viser og korleis kommune vil arbeida for å nå dei nasjonale måla innanfor områda energi og klima, samfunnstryggleik og beredskap og folkehelse.

Samfunnsdelen i kommuneplanen gir grunnlag for prioriteringar av ressursar, planleggingsoppgåver og samarbeidsoppgåver. Samfunnsdelen konkretiserer mål og tiltak innanfor fokusområda.

Våren 2024 skal det i samband med budsjett og økonomiplanarbeidet utarbeidast handlingsplan for å nå måla i kommuneplanen. Innhaldet i samfunnsdelen er difor viktig for planstrategien.



Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet. Miljøverndepartementet

4. Nasjonale og regionale føringar

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, vart vedteken som kongeleg resolusjon den 20.juni 2023, er og eit viktig dokument for arbeidet med nye planstrategiar i kommunane. Dei nye nasjonale forventningane har fem overordna perspektiv, som er valt som utgangspunkt for kapittelinnndelinga i forventningsdokumentet.

- Samordning og samarbeid i planlegging
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn

- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Til kvart av desse tema er det formulert forventingar, og det er til saman 72 slike forventningar i dokumentet.

Vestland fylkeskommune har i brev dagsett 05.12.2023 kome med synspunkt på innhaldet i dei kommunale planstrategiane i Vestland. I brevet viser dei regionale føringer og nytig kunnskapsgrunnlag som fylkeskommunen har. Vidare vert det vist til Utviklingsplan for Vestland 2024 – 2028 – som er den regional planstrategien, og til kunnskapsgrunnlaget som ligg i Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024 – 2028. Vidare vert det vist til at folkehelseoversikt er ein lovpålagd del av kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med kommunal planstrategi.

Utfordringsrapporten peikar på berekraftsutfordringar, konfliktar og dilemma som er eller kan oppstå på tvers av dei ulike utfordringsområda vist i rapporten. Desse er:

- regional, by- og bygdeutvikling
- klima og energi
- livskvalitet og like mogleheter
- naturmangfold og areal
- verdiskaping og kompetanse
- samt samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon.

Statsforvaltaren i Vestland har i brev dagsett 02.02.2024 til alle kommunane i Vestland, innleiingsvis skrive om kommunane sine pliktar knytt til planlegging, og viser mellom anna til anna til folkehelselova, rikspolitiske retningsliner for barn i planlegging, samt dei statlege planretningslinene. I brevet vert det vist til konkrete tema i arealplanar som er viktig å følgje opp. Både jordvern, naturmangfold, beredskap og FN sin naturavtale frå desember 2022 teke opp som viktige tema.



5. Vurdering av planbehov basert på kommuneplanen sin samfunnsdel og regionale og nasjonale føringer.

Vurderinga av planbehovet har sidan 2012 bygd på kommuneplanen sin samfunnsdel.

Fokusområda frå kommuneplanen er desse:

Bru over Masfjorden

Lokalsamfunnsutvikling - folketalsauke og bustadbygging

Samfunnstryggleik og beredskap

Energi og klima

Folkehelse

Kvalitet og kompetanse

Kommunale tenester

På desse områda har kommuneplanen sett både hovudmål og delmål. Alle målsetjingane vil vera ein del av utviklingsoppgåvene for det politiske og administrative arbeidet i Masfjorden kommune.

Arbeidet med ny planstrategi vert føreslått organisert med formannskapet som styringsgruppe og med drøftingar i kommunestyret før planen går på høyring. Framlegg til ny planstrategi skal ut på høyring i medhald av plan- og bygningslova sin § 10-1, og til slutt skal den godkjennast i kommunestyret.

Prioriterte planar for arbeidet i valperioden vart etter ein politisk prosess i 2012 i samfunnsdelen oppsummert slik:

- ***Bru over Masfjorden***
- ***Områdeplan Hosteland***
- ***Ferdigstille Matre og Sandnes***
- ***Folkehelseplan***
- ***Reguleringsplan Hosteland aust og vest***
- ***Trafikksikringsplan***
- ***Interkommunal plan for stølar, næringsareal, osv.***

Med utgangspunkt i denne tinginga er det berre reguleringsplan for Matre som det ikkje er gjort noko med. Kulturminneplanen har drøfta stølsmiljøa, og det er laga næringsplan for Masfjorden i nært samarbeid med GMU. Folkehelseoversikten frå 2019 har vore eit nyttig grunnlagsdokument for anna planarbeid.

Med tilvising til både det nasjonale forventningsdokumentet og til fylkeskommunen sitt brev rår ein til at kommunen arbeider vidar med kommunedelplanen for energi og klima. Ein plan som av kapasitetsmessige grunnar har vorte sett litt litt på vent i 2023. Vidare rår ein til at kommuneplanen sin samfunnssdel vert revidert og at dette planarbeidet startar opp i 2024. I dette arbeidet kan mange av dei nasjonale forventingane og dei regionale føringane koma inn som viktige tema. Administrasjonen ønskjer og å vurdere/drøfte om dei to kommunedelplanane knytt til oppvekst og helse, omsorg og sosial kan bli ein del av dette planarbeidet. Når det gjeld anna planarbeid, rår ein til at ein fullfører dei planane som er under arbeid, samt startar opp arbeidet med inntil fire nye reguleringsplanar i perioden:

- Reguleringsplan for kryss Ynnesdalsvegen ved Hosteland – fortau til Fensfjordbygget
- Reguleringsplan for mindre del av Matre (KS1, dei tre kombinerte områda ved kaien og OFS)
- Reguleringsplan for areal knytt til fleirbrukshall i Nordbygda med tilhøyrande infrastruktur
- Reguleringsplan for næringsområdet på Kvamme

Det vert og opna for at andre mindre sektorplanar kan starta opp i perioden, og at ein før oppstart får slike planar drøfta i formannskapet.

6. Planar godkjent i perioden 2014 - 2023

Masfjorden kommune har no berre ein offentleg reguleringsplan under arbeid og det gjeld reguleringsplanen for Botneneset, som snart skal opp til 1 gangshandsaming.

Nedunder er vedtekne planar dei siste 9 åra vist.

Plannamn - arealplanar	Status
Reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt	Godkjent i 2016
Reguleringsendring for omsorgsbustader på Hosteland	Godkjent i 2016
Interkommunal plan for Fjellheimen villreinområde	Godkjent i 2017
Områdeplan for bru over Masfjorden	Godkjent i 2017
Områdeplan for sentrumsområdet på Hosteland	Godkjent i 2015
Områdeplan for fylkesveg 570 Einestrond – Nordre Kvinge	Godkjent i 2015
Områdeplan for Haugsværdalen	Godkjent i 2015
Kommuneplanen sin arealdel	Godkjent i 2019
Detaljplan for naustområde på	Godkjent i 2021

Hosteland	
Områdeplan for næringsområde på Matre	Godkjent i 2021
Områdeplan for Storeskjeret	Godkjent i 2023
Områdeplan for Hosteland Vest	Godkjent i 2023
Kommunedelplanar og temaplanar	Godkjent år
Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2014 - 2026	Godkjent i 2014
Kommunedelplan for trafikksikring	Godkjent i 2021
Kommunedelplan for oppvekst 2014 - 2026	Godkjent i 2015
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet	Godkjent i 2017
Interkommunal plan for sjøområda i Region Nordhordland	Godkjent i 2023
Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø	Godkjent i 2021
Kommunedelplan for energi og klima	Godkjent i 2011, og under revisjon
Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023 - 2027	Godkjent i 2023
Overordna ROS-analyse for Masfjorden	Godkjent i 2015, og under revisjon.
Kriseplan for Masfjorden	Godkjent i 2015, vert oppdatert årleg.
Folkehelseoversikt	Godkjent i 2019.
Alkoholpolitisk handlingsplan 2020 - 2024	Godkjent i 2020
Strategisk næringsplan 2017 - 2020	Godkjent i 2016
Plan for friluftslivet sine ferdselsårer	Godkjent i 2022
Budstadpolitisk plan	Godkjent i 2023
Handlingsplan, Leve heile livet	Godkjent i 2021
Temaplan for rehabilitering og habilitering	Godkjent i 2017
Temaplan for demensomsorga 2022 - 2026	Godkjent i 2022
Smittevernplan for Masfjorden	Godkjent i 2018

komune	
Pandemiplan	Godkjent i 2020
Plan for psykisk helsearbeid	Godkjent i 2007
Arkivplan	Godkjent i 2014

7. Prioriterte planoppgåver (framlegg) for 2024 – 2027

Kommuneplanen sin samfunnsdel	Merknad	Start/ Ferdig
Kommuneplanen sin samfunnsdel	Planperioden går ut i 2024	Start: Hausten 2024. Ferdig 2025
Kommuneplanen sin arealdel	Fokus på behov for nye næringsareal	Oppstart 2027
Lokalsamfunnsutvikling - folketalsauke og bustadbygging	Merknad	Start
Reguleringsplan for kryss Ynnesdalsvegen ved Hosteland – fortau til Fensfjordbygget	Kommunen har fått krav fra Vestland fylkeskommune om å starta opp reguleringsplan her.	Start: Hausten 2024 Ferdig 2025
Reguleringsplan for mindre del av Matre (KS1, dei tre kombinerte områda ved kaien og OFS)	Detaljregulere sjø, kaiområdet samt det konsentrerte bustadområdet KS1	Start: Våren 2025 Ferdig 2027
Kommunedelplan for drikkevatn og avlaup	Denne har vore på høyring, og vert sannsynlegvis slutført i 2024.	Ferdig 2024
Reguleringsplan for Botnaneset bustadfelt	1.gangs framlegg kjem til formannskapet i april, deretter høyring.	Ferdig 2024

	Samfunnstryggleik og beredskap	Merknad	Start
1	Revidere overordna ROS analyse	Vart godkjent i 2015, er no under revisjon	Ferdig våren 2024
2	Revidere kriseplanen årleg	Administrativt arbeid	Kvart år
	Energi og klima	Merknad	Start
1	Kommunedelplan for energi og klima	Gjeldande plan gjekk ut i 2015, ny plan er under arbeid	Planarbeidet har starta opp. Ferdig 2025
	Kvalitet og kompetanse	Merknad	Start
1	Strategisk kompetanseplan for Masfjorden	Gjeldande plan vart godkjent i 2023. Må vurdera revisjon i neste planstrategiperiode.	Må drøftast nærmare i neste planstrategi
	Kommunale tenester	Merknad	Start
1	Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial	Behov for ny plan må drøftast eventuelt om denne planen kan slåast saman med samfunnsplanen og kommunedelplan for oppvekst.	Start hausten 2024.
2	Kommunedelplan for oppvekst	Behov for ny plan må drøftast eventuelt om denne planen kan slåast saman med samfunnsplanen og kommunedelplan for helse, omsorg og sosial.	Start hausten 2024.
3	Kommunedelplan for idrett, nærmiljø og friluftsliv	Den gamle planane er gått ut, og viktig å få ny plan på plass for å få spelemidlar.	Start hausten 2024.
4	Kommunedelplan for trafikksikring	Ny plan, ønskje om fleire tiltak inn i planen,	Start hausten 2026
5	Plan for førebygging av åtferdsvanskar og omsorgssvikt	Denne tverrfaglege planen er under utarbeiding.	Vert ferdig i 2024
6	Plan for psykisk helse og rus	Dette må drøftast nærmare opp mot andre behov	Drøfting i prosessen med ny planstrategi
	Andre temaplanar etter behov	Behov for nye plan bør drøftast i formannskapet som eigne saker	I heile planperioden

	Andre planar	Merknad	Start
1	Reguleringsplan for fleir brukshall i Nordbygda	Investeringa med oppstart er lagt inn i økonomiplanen, og bør følgjast opp med reguleringsplan	Start hausten 2025
	Reguleringsplan for næringsområdet på Kvamme	Må drøftast nærmere opp mot behov for meir næringsareal og tilgang på steinmassar.	

8.Oppsummering og oppfølging

Høyring av planstrategidokumentet i vår vil visa om det er andre planar som heller bør prioriterast. Av omsyn til både kostnader og kapasitet er det viktig å avgrensa omfanget av planarbeid til kommunen.

Oppfølging av planstrategi:

- Rådmannen fullfører planar som er igangsett.
- Rådmannen utarbeider ferdig framdriftsplan for dei prioriterte planane som kommunestyret ønskjer å ta inn i dette dokumentet.
- Det skal leggjast fram årleg status for planarbeidet, med rullering av framdriftsplanar og vurdering av utviklingstrekk som påverkar planbehovet.
- Mindre fagplanar og revisjonar av eksisterande fag- og mindre temaplanar kan startast opp ved behov. Alle planar som skal slutthandsamast politisk skal drøftast eller fremjast som eigne saker til formannskapet.

